



Glimrah hadde ein vellukka julekonsert i går.(utsnitt frå framsida av program)

**GLIMRAH**, eit vokalensemble med sju kvinner, samla nær på 70 tilhøyrarar i Valen kyrkje i går. To av medlemene er frå Uskedalen, Lene Taranger og Renate Koløy. Med vakker song, klaver, dikt og dans vart dette ei framføring som klart skil seg ut frå meir tradisjonelle julekonserter. Musikalsk leiar er Maria Malmsten.



Dei to uskedelingane i Glimrah, Renate Koløy(t.v.) og Lene B. Taranger med Gjertrud Sydnes Furdal i midten.

Konserten starta med Beata progenies og Svensk bøn, 1400 og 1500 tals song. Av meir tradisjonelle julesongar på programmet finn vi Eg synger julekvad, Jul, jul, strålande jul og Mitt hjerte alltid vanker. Noko av framføringa var knytta opp til Sankt Steffan, den svenske Heilage Stefanius som vert rekna som den fyrste kristne martyren. Legenden fortel om ein annan Stefanius, stallguten til Herodes som såg stjerna og hjelpte vismennene med på finna vegen til Betlehem.

Det mest nyskapande i Valen kyrkja i går var to innslag med klaver, dikt og dans. Kristin Sculerud stod for tekst og klaversats, Marion Belsvik dans og improvisasjon. Kristin har i mange år vore lærar i Kulturskulen og er er kjend frå fleire større musikkprosjekt. Marion Belsvik frå Stord har med dette markert seg i Kvinnherad, ein dansar vi sikkert vil sjå meir til ved seinare framføringar.

Nytt var det og at ingen trong gå svoltne heim frå GLIMRAH konserten i går. For etterpå var det kveldsmat.

Tekst: Kristian Bringedal  
Foto: Tor Edward Taranger  
Nett: Thor Inge Døssland